

TILPASSA OPPLÆRING I SKULAR OG BARNEHAGAR I OS KOMMUNE



INNHALD

Forord	s. 3
Innleiing	s. 3
2. Tilpassa opplæring	
2.1 Tilhøvet mellom tilpassa opplæring – spesialundervisning	s. 4
2.2 Tilhøvet mellom omsynet til fellesskapet og den enkelte	s. 4
2.3 Tilpassa opplæring i skule	s. 4
2.4 Tilpassa opplæring i barnehagen	s. 5
3. Idear – tankar – tips til arbeid på eigen skule	
3.1 Kor skal vi starte?	s. 6
3.2 Elev-/læringssyn og den gode skule	s. 7
3.3 Læraren/pedagogen som leiar av klassen/gruppa	s. 9
3.4 Samarbeid heim – skule	s. 11
3.5 Metodar for fagleg og sosial tilpassing	s. 13

TILPASSA OPPLÆRING I SKULAR OG BARNEHAGAR I OS KOMMUNE

Forord

Vi har vore ei gruppe på fem som har fått i oppgåve å jobbe ut noko meir handfast i høve til satsingsområdet tilpassa opplæring, som er eit satsingsområde i Strategiplanen for skular og barnehagar 2003 – 2005 i Os kommune. Strategiplanen er vedtatt i kommunen, men det har ikkje vore utarbeidd noko som kunne vere retningsgivande i høve til korleis vi kunne få til ei god tilpassa opplæring i skulane og barnehagane i kommunen. Det har vore begrensa kor mykje tid vi har kunna brukt på dette arbeidet. **Det blir difor ekstra viktig at arbeidet med tilpassa opplæring blir ein kontinuerleg prosess på skulane, i barnehagane og i pedagogisk forum.**

Innleiing

Tilpassa opplæring står som eit grunnleggjande og eit styrande prinsipp i både opplæringslova og i L-97. I opplæringslova §1-2 i femte leddet står det: ” Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven,....” . I L-97, under –Prinsipp og retningslinjer for opplæringa i grunnskulen, står dette presisert under ei eigen overskrift som blir kalla tilpassing, s. 57. Her står det mellom anna: ” For å kunne ta omsyn til ulikskap i bakgrunn og føresetnader hos elevane må einskapsskulen vere eit romsleg og inkluderande fellesskap. Mangfald i bakgrunn, interesser og føresetnader må møtast med eit mangfald av utfordringar. Tilpassinga er derfor ein sentral og nødvendig del av opplæringa.” Sjølv om begrepet tilpassa opplæring er eit nytt begrep, er ikkje innhaldet nytt i skulesamanheng. Denne tenkinga starta midt på 1970 talet, men blei då kalla differensiering eller individualisering.

Etter at vi starta dette arbeidet har vi fått ein ny NOU 2003: 16 I FØRSTE REKKE. Vi ser det som heilt naturleg at skulane og barnehagane ser på kva som blir sagt om tilpassa opplæring i lys av denne NOU'en. Stikkord her er at tilpassa opplæring meir skal gå frå integrering til inkludering, forsterka krav om TPO – vedtak om spes.undervisning utgår. Alle elevar skal tilhøyre ei basisgruppe, enkeltvedtak basert på lov om helse og at TPO forutset ressurs på minst dagens nivå. Målet er at antall enkeltvedtak i kommunen skal ned, og at ein i større grad skal gi eit tilfredsstillande opplæringstilbod innanfor ramma av tilpassa opplæring.

Sjølv om opplæringslova og L-97 seier mykje om kva ein sentralt meiner med tilpassa opplæring, er det mange ulike tolkingar og meiningar kva ein legg i ei god tilpassa opplæring. **Det blir viktig for oss som jobbar i Os kommune å ha ei felles forståing av kva vi legg i begrepet tilpassa opplæring.**

Mål:

At alle born i Os, i barnehage og skule, har ei meningsfull og tilpassa opplæring som tar omsyn til borna sine interesser og føresetnader. Opplæringa blir tilpassa den enkelte når det gjeld mål, innhald, rammer, arbeidsmåtar og vurdering.

Opplæringa skjer i tett dialog og refleksjon mellom pedagog og barn/foreldre.

2. TILPASSA OPPLÆRING:

2.1 Tilhøvet mellom tilpassa opplæring - spesialundervisning

Ser vi på kva som står i Opplæringslova blir dette behandla i § 5. Retten til spesialundervisning er ein av dei mest sentrale rettane i denne lova, og skal vere eit sikringsnett for elevar som ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den ordinære opplæringa. Retten til spesialundervisning må sjåast i samanheng med ”formålsbestemmelsen” om tilpassa opplæring. Blir den ordinære opplæringa dårlegare, aukar mengda av spesialundervisning. Elevar som mottek spesialundervisning skal ha eit opplæringsbehov som skil seg frå behovet for opplæringa dei fleste elevane har. Dette behovet skal beskrivast gjennom ei sakkunnig vurdering som tek stilling til retten til spesialundervisning.

Tilpassa opplæring

Spesialundervisning	Ordinær opplæring
---------------------	-------------------

Spesialundervisning vert her den delen av den tilpassa opplæringa som ikkje vert ivare tatt av den ordinære opplæringa.

2.2 Tilhøvet mellom omsynet til fellesskapet og den enkelte

Når vi går eit steg vidare og ser på prinsippet for TPO som bygger på at vi skal sjå opplæringa frå eleven sin posisjon, eleven skal ha nytte av å gå på skulen og i barnehagen. Klassen/gruppa sitt mangfald er nok den største utfordringa vi har i skulen, det å sjå den enkelte og samtidig ta omsyn til fellesskapet. Å finne balansen mellom omsynet til den enkelte og omsynet til fellesskapet er ei stor utfordring for oss alle i skulen og i barnehagen.

2.3 Tilpassa opplæring i skule

Etter L-97, opplæringslova og andre føringar frå sentralt hald, er ideologien klår:

Tilpassa opplæring og inkludering av alle elevar i skulesamfunnet. Skulen skal tilpasse seg elevane, ikkje omvendt. Med dette meiner ein at skulen skal møte born og unge der dei er, ta utgangspunkt i den enkelte elev sine erfaringar, og derifrå utfordre born og unge til å vekse i kunnskap og visdom. Dette er ikkje akkurat nytt. Søren Kierkegaard skreiv i 1859 i ”Brudstykke af en likefrem Meddelelse” at den som vil hjelpe en annen:

” Først og fremst maa passe paa at finde ham der, hvor han er og begynde der. Dette er Hemmeligheden i al Hjeælpekunst”



Dette er utruleg viktig for å utvikle sjølv tilliten, sjølvkjensla, den demokratiske kompetansen og livskvaliteten hos born og unge.

Mange meiner vi har hatt eit paradigmeskifte i norsk skule.

Gammelt	Nytt
Formidling av kunnskapar ved lærar med eleven som passiv mottakar	Reflektert opplæring med aktiv søking etter kunnskap frå elevane si side.
Fokus på avgrensa faktakunnskapar.	Fokus på heilskap, integrasjon, ”lære å lære”.
Måling basert berre på testar og diagnosar.	Måling som i større grad er basert på eignevurdering og refleksjon.

Informere føresette.	Ha deltakande føresette.
Ein ideologi der det har vore skulen og samfunnet.	Ein ideologi der skulen er ein naturleg del av samfunnet.

Tilpassa opplæring blir overordna alt vi driv med i skulen. Skal ei tilpassa opplæring bli god for ein klasse, krev det at alt det andre må vere lagt til rette og fungere godt:

- Klassemiljø
- Klasseleiing
- Arbeidsmåtar
- Foreldresamarbeid
- Vurdering utan karakter
- Sosialpedagogisk plan
- Fleksibel organisering o.a.

er delar som då er med å gjere opplæringa godt tilpassa.

Det er mykje som heng saman og som har stor grad av overlapp. Det aller viktigaste for skulane er å klargjere elev-/læringssynet skulen har, slik at ein ikkje bruker mykje tid og frustrasjon på dette kvar gong ein skal ta fatt på noko nytt. Vi må sikre oss at vi har ei felles forståing av det vil vil jobbe med på eigen skule.

Eit døme: Sjølv om ein skule driv med elevsamtalar, vekeplanar, arbeidsplanar og foreldresamtalar, kan dette bli negativt dersom skulen ikkje er einige om:

- Korleis bør ein god elevsamtale vere?
- Korleis skal ein god vekeplan sjå ut på vår skule?
- Korleis lagar vi ein god arbeidsplan for elevane?
- Kva er viktig for å ha ein god foreldresamtale på vår skule?

Dersom dette spriker i alle retningar, og dei tilsette opererer med ein ”skjult” læreplan, kan i utgangspunktet like tiltak fortone seg svært ulike frå klasse til klasse på same skule.

Konsekvensen blir då for oss alle at vi må tenkje meir enn fag og kunnskapar når vi skal ha ei tilpassa opplæring for den enkelte elev. Vi må bli flinkare til å sjå ”heile” barnet, finne styrke, behov, forståing og problem for det enkelte barn. Ikkje berre ha fokus på kva som er problemet! I tillegg må vi tenkje ei tredeling av måla for eleven, men sjølvsagt med ulik vektlegging etter kor det enkelte barn står:

- Samfunnsnivå (skule, heim, fritid, arbeid)
- Mellommenneskeleg nivå(inkludering i klassen, nærmiljø, positivt sjølvbilete)
- Individnivå (kunnskapar, haldningar, ferdigheitar)

2.4 Tilpassa opplæring i barnehagen:

Omgrepet tilpassa opplæring er ikkje eit vanleg omgrep i barnehagesamanheng. Barnehagen har likevel lang tradisjon for å driva tilpassa opplæring.

”Rammeplan for barnehagen” set krav om innhaldet i barnehagen. Her legg ein vekt på at barnehagen skal gi borna basiskompetanse når det gjeld sosialt samspel og utvikling. Barnehagen skal gi borna tryggleik, omsorg og utvikling ut frå den ståstaden barnet har.

I barnehagen har ein alltid jobba med å sjå kvart enkelt barn og møte det på barnet sine egne premissar. Barnehagen har born i ulik alder saman, og dette gir ein høve til å nå alle borna på

det utviklingssteget dei er. I leiken får borna utfolde seg, og dei kan få hjelp og støtte frå dei vaksne. Ein kan leggje til rette for individuell utvikling, og det må sikrast utvikling på alle område. Det er viktig at barnet er i sentrum. Nokon born treng meir oppfølging enn andre. Dette må barnehagen ta omsyn til.

Korleis kan ein sikra seg at alle borna får tilpassa opplæring i barnehagen?

- Det er viktig med eit kompetent personale. Ein må ha tilstrekkeleg med pedagogar og sikra at dei ufaglærte får opplæring og at dei får styrka sin kompetanse.
- Det er og viktig med nok personale.
- Tilstrekkeleg med midlar må setjast inn slik at ein kan styrke bemanninga i barnehagen der det er born som treng ekstra hjelp og støtte
- Personalet må få kvalifisert rettleiing t.d. frå PPT.
- Ein må dokumentera arbeidet på ein systematisk måte. Bruk av hjelpemiddel som VAB (Vurdering Av Barn) og TRAS (Tidlig Registrering Av Språk) må takast i bruk. (Her treng ein opplæring i observasjon som metode for dei ufaglærte tilsette)
- Ein må sikre eit godt samarbeid med foreldra.

3. IDEAR – TANKAR – TIPS TIL ARBEID PÅ EIGEN SKULE:

3.1 Kor skal vi starte?

Det blir eit viktig arbeid i den enkelte skulen å finne ut kor det er naturleg å starte arbeidet for å vidareutvikle ei god TPO på eigen skule. Vi skriv vidareutvikle, fordi alle skular driv med TPO i ulik grad og ofte utan alltid å vite om dette er god tilpassa opplæring eller ikkje. Vi har ofte hatt det travelt i skulen med å gå i gang med ulike satsingsområde og nye prosjekt. Vi har ikkje alltid vore like flinke til å evaluere, vurdere og fylgje opp. Vi har ein tendens til å ”stresse” kvarandre, vi har nesten alltid dårleg tid.

Endringar tar tid, minst 4 – 6 år bevisst jobbing med ei proaktiv leiing. Med det meiner vi at leiaren på den enkelte skule må vere aktiv pådrivar for å sikre at skulen får den utviklinga dei i utgangspunktet ynskjer. Peder Haug skriv i boka ” Men de er jo så forskjellige” at han ser på fire sentrale utviklingsoppåver som alle må jobbe aktivt med for å lykkast innan TPO:

- **å øke fellesskapet slik at alle elever blir medlemmer av en klasse eller gruppe, og slik at de får ta del i det sosiale livet på skolen sammen med alle andre**
- **å øke deltakinga. Ekte deltaking er noe annet enn å vere tilskuer. Det forutsetter at en er i stand til til å gi et bidrag til fellesskapet, og at en er i stand til å nyte det samme fellesskapet, begge deler ut fra den enkeltes forutsetninger**
- **å øke demokratiseringa. Alle stemmer skal bli hørt. Alle elever og deres foresatte skal ha mulighet til å uttale seg og påvirke det som gjelder deres interesser i utdanninga**
- **å øke utbyttet. Alle elever skal ha en opplæring som er til gagn for dem både sosialt og faglig**



Vi vil gi nokre idear, tankar, tips innanfor fire område som stemmer godt overens med tankane i utviklingsområda som Peder Haug legg vekt på:

- Elev-/læringssyn og den gode skule
- Læraren/pedagogen som leiar av klassen/gruppa
- Samarbeidet heim – skule
- Metodar for sosial og fagleg tilpassing

Vårt råd: Start der det er naturleg for din skule å starte, og å ha fokus på eit område av gangen!

Hugs at skal ein få til utvikling, må ein bruke tid! Det handlar om å dra lasset saman, samarbeid om verdiar, og det finst inga oppskrift på korleis vi kan gjere dette. Som i alle læringsprosessar er det avhengig av relasjonane læringa skal skje i. Vi må med andre ord tilpasse læringsprosessen med TPO til personalet og til dei føresetnadane vårt personale har. Vi håper at det vi tar opp, får i gang ein debatt/diskusjon på den enkelte skule. Noko av det vi skriv, er sett på spissen, og det er flott om skulane ikkje er einige i alt det vi skriv – poenget er at din skule skal kome vidare med arbeidet innan TPO!

3.2 Elev-/læringssyn og den gode skule

Skal ein få til utviklingsarbeid, må ein klargjere verdisynet skulen har.

Verdisynet må skulen jobbe med kontinuerleg og ha som basis i alt utviklingsarbeid skulen driv med.

- Korleis kan vi finne ut om skulen har eit felles verdisyn?
- Har skulen ein trygg pedagogisk plattform som gjeld for alle?
- Har skulen ein positiv kode eller kultur?

Vi kjem med nokre døme på situasjonar som kan vere utgangspunkt for diskusjon på din skule når det gjeld utvikling i høve til TPO. Vel kva område som høver for dykk å drøfte!

- a) Skulen har ein årsplan som seier noko om kva skulen har fokus på, men årsplanen blir i liten grad fylgd opp. Planen er ikkje aktivt i bruk gjennom året og det er opp til den enkelte lærar korleis han/ho bruker, eller gjennomfører, planen. Sjølv om planen er vedteken felles på skulen, er det fleire lærarar som gir klart uttrykk for at dei gjer som dei alltid har gjort! Fleire av dei lærarane operer med ein ”skjult” læreplan, ein læreplan dei har laga seg sjølv gjennom mange års lærer erfaring.

Drøft:

- Kvifor er det slik at årsplanen vår ikkje er ein reell plan?
 - Kva må vi gjere for at vår årsplan blir eit dokument som er aktivt i bruk?
 - Kven har ansvaret for evaluere planen og kor ofte diskuterer vi satsingsområda i teama og i fellestida?
- b) Skulen er i stor grad prega av enkeltsløyfelæring. Skulen seier noko om kor den vil gjennom mål/tiltak i årsplan o.a. Seinare vurderer skulen tiltaka ukritisk og bestemmer seg for at det ikkje gjekk. Korleis få til dobbeltsløyfelæring? To døme:
- Trinn 1: Skulen vel arbeidsplan som metode for tilpassa opplæring for å få elevane til å ta meir ansvar og lagar mål/tiltak.
 - Trinn 2: Skulen vurderer om lærarane har gjennomført tiltaka og får tilbakemelding etter ustrukturert observasjon.
 - Resultat: Elevane har ikkje tatt meir ansvar, minst like mange underytare som før. Dei svake elevane har problem med å disponere tida.

- Konklusjon: Dette var ikkje rette metoden, vi arbeider ikkje meir med arbeidsplan som metode på denne skulen! Dette er enkeltsløyfelæring, skular som praktiserar dobbeltsløyfelæring har eit 3. trinn:
 - **Trinn 3:** Då vil skulen prøve å finne ut kvifor det ikkje fungerte slik vi ville? Kan vi gjere noko annleis? Kanskje arbeidsmåten ikkje var tilpassa godt nok? Vi må kanskje lage arbeidsplanar med tydelegare oppgåver og færre val. Vi prøver igjen med dei justeringane vi meiner er naudsynte.
- Trinn 1 dømme 2: Skulen skal jobbe med VUK og området samarbeid. Dei har satt av tre veker der alle skal ha fokus på vurdering av samarbeid.
 - Trinn 2: Skulen vurderer om lærarane har gjennomført tiltaka med ustrukturert, og litt strukturert observasjon. 2/3 av lærarane er positive og ser at dette har hatt ein positiv effekt, medan 1/3 av lærarane kan fortelje at i dei klassane dei har er dei så urolege og bråkete at ein får ikkje til å jobbe saman.
 - Konklusjon: Nokre klassar må vi berre jobbe ein og ein dersom ein skal få ro og orden. Dette er enkeltsløyfelæring. Skal skulen over på dobbeltsløyfelæring, må det vere eit trinn 3:
 - **Trinn 3:** Kvifor klarer ikkje 1/3 av klassane å samarbeide? Dette er alvorleg, ingen kan klare seg i det verkelege liv utan å samarbeide med andre. Var oppgåvene for vanskelege? Kva gjorde dei lærarane som lukkast? Kva kan desse klassane klare å samarbeide om? Vi må difor ha ekstra fokus på 1/3 av klassane, for dei må trene på å samarbeide. Dette skal vi få til – nye oppgåver som vi veit alle vil meistre, gjennomtenkte grupper, positive forventningar til at dette skal gå bra. Vi prøver igjen!
- c) Skulen slit med at lærarane/vaksne snakkar om mine og dine elevar. Dersom ein lærar har hatt ein annan klasse, vore vakt ute o.a. er det viktig å få snakka med læraren til den/dei elevane det gjeld, slik at han/ho kan ordne opp å få skikk på elevane "sine". Skulen har eit "lappesystem", der ein masse gule lappar fortel alt om elevar som har oppført seg dårleg, og som "eigaren" (kontaktlæraren) må ta tak i.
- Drøft:
- Korleis er dette hos oss? Er det våre elevar, eller mine/dine?
 - Er det ikkje den vaksne som er tilstades som må ordne opp i konflikten?
 - Tar vi oss tid til å ordne opp i store, eller små konflikhtar?
 - Kan vi utvikle ein lik praksis på vår skule?
 - Tør vi erkjenne at vi kan streve med klassar eller elevar, og er det aksept for å streve?
- d) Skulen er prega av falsk harmoni – vi skal ikkje ta opp konflikhtar eller problem, sjølv om det kokar i korridorar og krokar av ulike frustrasjonar.
- Drøft:
- Tør vi seie det vi meiner i pedagogiske diskusjonar?
 - Er det slik at alle skal vere einige?
 - Er det nokre få som styrer kva som er rett, sjølv om dei ikkje er i fleirtal?
 - Kan vi ta opp kritiske problemstillingar med leiinga?
 - Er vi profesjonelle nok til å stå for det vi meiner?
 - Klarer vi å skilje sak og person?
- e) Skulen har ingen diskursiv kultur: - **Ein kultur som stiller spørsmål med etablerte konvensjonar – der vi kontinuerleg diskuterer vår eigen praksis. Skape ein arena**

for pedagogisk debatt der lærarane/pedagogane er villige til å lære, prøve ut teoriar i praksis, og til å sette sin egen samhandling med elevane i sentrum for debatten” sitat frå Lars Helle si bok ” Rom for handling”

- f) Skulen har ikkje klargjort kva som er viktig å ta opp i elev-/foreldresamtalar og/eller foreldremøte. Foreldre kan ha fleire barn i skulen/barnehagen, men klarer ikkje å finne ut kva skulen verkeleg står for. Det som svært viktig for ein lærar, kan ein annan seie er uviktig o.a.

Drøft:

- Bør det ikkje vere noko som er likt i desse samtalane for alle på same skule?
 - Korleis opplever føresette skulen dersom dei har fleire barn, men heilt forskjellige elev-/foreldresamtalar?
- g) Godt klassemiljø er noko vi får for vi har vore heldig med elevane og klassen, det er ingen startegi for å jobbe med utvikling av eit godt klassemiljø, og dermed eit godt skulemiljø. Kjem også inn på dette under pkt 3.2.

Drøft:

- Har vi klare strategiar dersom miljøet i ein klasse er dårleg?
- Har vi, eller burde vi ha, ein sosial pedagogisk plan som gjeld på vår skule?

3.3 Læraren/pedagogen som leiars av klassen/gruppa

Det er ikkje til å komme frå at læraren også i arbeidet med TPO blir den mest sentrale for å få til ei god tilpassa opplæring for den enkelte elev. Det er eit stort ansvar der krava blir berre større og større, og oppgåvene blir fleire og fleire. Os kommune har svært mange dyktige og erfarne lærarar, og på alle skulane har ein som regel ein skjult ressurs som vi ikkje tar godt nok i bruk.

Drøft:

- Kva kompetanse har vi på vår skule når det gjeld TPO?
- Korleis kan vi hjelpe kvarandre til å bli betre?
- Har vi ein kultur for å sette pris på det andre får til?
- Kan vi glede oss over at andre lukkast, og gi positive tilbakemeldingar til andre kollegaer?



Vi meiner at dette er kanskje den viktigaste nøkkelen til suksess i arbeidet med TPO, i tillegg kan vi jobbe bevisst med å bli betre som lærar og pedagog for enkeltelevar, grupper og klassar av elevar.

Drøft:

- Er vi trygge nok til å fortelje om flotte og vellukka timar, eller timar der alt har vore kaos i?
- Gir vi støtte og oppfølging når nokon strevar?
- Har vi kultur for at vi kan gjere ting ulikt, men likevel ha respekt for kvarandre sitt arbeid?

Her kjem vi med ein del tips/idear som kan vere til hjelp, dersom din skule/barnehage vil jobbe akkurat med dette:

- a) Realisere det vi har bestemt felles – dersom dette er vanskeleg må vi vere opne på at dette får ikkje eg/vi til

- b) Jobbe med å finne balansen mellom omsynet til den enkelte og omsynet til fellesskapet
- c) Kjenne til kva som ligg i god klasseleiing:
- Tydeleg vaksen autoritet som viser tillit/respekt for elevane/borna
 - Bruke ”dei gylne ” augeblikka til å oppnå gode relasjonar
 - personleg kontakt med elevane – positive opplevingar saman i klassen
 - Talentspeidar – finne det som er bra, ikkje leite etter det som ikkje er bra (VUK)
 - Ros som pedagogisk verkty
 - Dialog med elevane – demokratisk
 - Leie klassen frå uklår sosial situasjon til ein situasjon prega av konstruktive normer/rutinar
 - Arbeide planmessig frå starten av skuleåret, å vere ein tydeleg leiar
 - Mestre ei gruppe av barn/elevlar – ikkje berre ein og ein
 - Finne balansen mellom å vise omsorg – setje grenser
 - Finne balansen mellom å stimulere og stille krav og mellom å strukturere og gi fridom
 - Klar haldning til plasseringa av elevane, organiseringa o.a.
 - God planlegging – godt førebudd
 - God start på timen/økta (presis)
 - Ha gruppefokus, flyt, overlapping, omorganisering av aktivitet o.a.
 - Læra elevane å ta ansvar – gi ansvar
 - Jobbe langsiktig med problem i klassen – finne løysingar
- d) La elevane få oppgåver dei meistarar, involvere elevane i dette arbeidet – ta omsyn til elevane sine behov i planlegginga av undervisninga. Ikkje legge lista der du ynskjer elevane skal vere, men der dei faktisk er
- e) Bygge stillas rundt eleven med stor grad av lærarkontroll – ta vekk delar av stillaset og eleven får meir og meir sjølvkontroll. Blir dette stillaset for fort revet ned, gir vi elevane meir ansvar enn dei kan ta? Det går ikkje an å seie: ” Han/ho går i 9.klasse så dette må han/ho ta ansvar for sjølv” Då må vi faktisk sjå at han/ho er i stand til å ta dette ansvaret.
- f) Har lærarane/pedagogane våre eit utvida læringssyn, har skulen eit utvida læringssyn? Det er ikkje all læring som kan målast

Drøft:

- Korleis tar vi som skule vare på retten til eit likeverdig opplæringstilbod hos oss?
- Kva utfordringar har vi her?
- Har vi ein felles forståing på dette?

Det er utruleg viktig at vi har ei felles forståing på dette, spesielt med dei krevjande elevane – dei som utfordrar oss heile tida. Her kan skulen diskutere ein del problemstillingar, og kome fram til noko ein er absolutt på:

- 1) På kva område utfordrar denne eleven oss alle?
- 2) Kva rettigheter har han/ho som vi må forholda oss til når vi skal prøve og betra tilhøva?
- 3) På kva måtar får denne eleven føle at han/ho høyrer til i fellesskapet?
- 4) Dersom vi skal finne løysingar som er betre tilpassa denne eleven – kva for muligheter og avgrensingar har vi?
- 5) Kva ved denne eleven skal vi akseptere same kva?

- 6) Korleis kan vi sikre at skulen aksepterer dette, og samstundes ta avstand frå deler av denne eleven si adferd?
- 7) Kva meiner eleven sjølv er viktig å bli akseptert på?
- 8) Kva ressursar har denne eleven?
- 9) Korleis kan vi utnytte denne ressursen i hans/hennar læring?
- 10) Kva er realistisk for denne eleven når han/ho ein gang blir vaksen?

Sjølv dei mest krevjande elevane kan vi få til å blomstre. Faren er at vi ofte er urealistiske – forventar at han/ho på kort tid skal bli slik vi ynskjer. Ein del av desse borna treng kanskje noko heilt anna delar av dagen eller veka, t.d. jobbe med praktiske oppgåver og sosial kompetanse.

3.4 Samarbeid heim – skule:

Alle foreldre ønskjer ei positiv utvikling for barna sine, og skulen er ein av dei viktigaste medspelarane til dette. Foreldrekonferansen er ein sentral møteplass for samarbeidet om barnet/eleven. Kåre Lutro og Marianne Vangsnes ved Søfteland skule har jobba med eit hefte som FUG skal gi ut til alle foreldre hausten 2005. Vi har henta storparten av dette kapitlet frå deira første utkast til FUG og fått dette godkjend av FUG. I heftet bruker dei ordet utviklingssamtale i staden for foreldrekonferanse. Ordet utviklingssamtale understrekar kva denne samtalen skal handla om; ei hjelp til å fremja læring og utvikling for den enkelte elev:

Utviklingssamtalen, vurdering og rettleiing

Det er som oftast naturleg og nyttig at eleven deltek i utviklingssamtalen. Nokre gonger kan det likevel vera grunnar til at samtalen bare skal vera mellom lærar og føresette. Dette må partane avtala på førehand.

Ein utviklingssamtale mellom eleven, læraren og dei føresette må vera godt planlagt. Og for at partane i møtet skal kjenna seg likeverdige, må innhaldet i samtalen vera kjent for alle tre. Struktura for samtalen må ikkje vera så stram at det ikkje er rom for innspel undervegs.

Alle elevar har rett på rettleiing og vurdering dei 10 åra dei er i grunnskulen. Denne rettleiinga og vurderinga skal seia noko om eleven si faglege og sosiale fungering, og kva for arbeidsmetodar eleven meistrar. I tillegg til å seia noko om fungeringa no, må samtalen vera ein dialog om arbeidet vidare. Dette er eit godt utgangspunkt for utviklingssamtalen.

Ros fremjar utvikling, og det er derfor viktig å ta utgangspunkt i eleven si positive meistring når det gjeld fagleg- og sosial fungering, og bruk av arbeidsmetodar. Sjølv om samtalen i hovudsak byggjer på eleven sine sterke sider, skal ein og ta opp særlege utfordringar for eleven. Ein utviklingssamtale må føra til semje om kva for mål ein skal arbeida fram mot i perioden som kjem. Dette skal gjerast som ein skriftleg avtale mellom skule, elev og heim.

Avtale
Mål for komande periode:
Fagleg:
Betra rettskriving ved å
- læra å bruka reglar for å/og.
Betra leseflyten ved å
- øva høgtlesing 10 min. måndag og onsdag.
Sosialt:
- Ikkje avbryta den som har ordet.

Døme på avtale mellom skule, elev og heim.

Foreldre og skule

For å sikra eit godt samarbeid, kan utviklingssamtalen t.d. vera eit tema på foreldremøte. Der kan både dei føresette og læraren koma med innspel til det samtalen skal handla om.

Læraren kan også senda ut skriv om samtalen der dei føresette blir oppmoda til å skriva ned saker dei ønskjer å ta opp. Når læraren får skrivet tilbake, kan han tilpassa innhaldet til kvar enkelt samtale.

Ei spørjeundersøking om utviklingssamtalen blant foreldra, kan også vera nyttig. Døme på spørsmål kan vera:

- *Kva for tema bør utviklingssamtalen innehalda?*
- *Kor ofte bør skule og heim treffast i løpet av skuleåret?*
- *Kor lang bør samtalen vera?*
- *Kven bør vera til stades under samtalen?*

Elev og lærar

Allereie i barneskulen kan elevar vera mogne nok til å delta i førebuinga av utviklingssamtalen. I ungdomsskulen er det avsett egne timar til klasserådsmøte som kan nyttast til slik førebuing. Kva ønskjer elevane å diskutera i samtalen? Saman med læraren kan dei finna fram til høvelege tema. 5.- og 8.klassingar meiner blant anna dette om utviklingssamtalen:

- *Eleven må vera med i utviklingssamtalen, det er jo han det handlar om.*
- *Møtet må vara i minst 30 minutt, slik at det ikkje blir stress, og alle får snakka.*
- *Det er kjekt å førebu seg til samtale.*
- *Det er viktig å samanlikna seg med seg sjølv, ikkje med dei andre.*
- *Det er gøy med gode tilbakemeldingar frå læraren.*
- *Det er flaut når læraren skryt av meg, men litt gøy og!*
- *Det er viktig å snakka om det positive, det som går bra, men ein må vel få høyre om det dumme og.*
- *Det gjer vondt i halsen når vi snakkar om noko dumt.*

At innhaldet i samtalen er kjend for eleven, skaper tryggleik. I elevsamtalen, samtalen mellom lærar og elev, kan ein førebu utviklingssamtalen. Her kan eleven få hjelp til å vurdere seg sjølv når det gjeld fagleg- og sosial utvikling, og korleis han/ho meistrar ulike arbeidsmetodar. Eleven og læraren førebur korleis dette skal presenterast i utviklingssamtalen. Saman kan dei formulera nye mål eleven skal arbeida mot i perioden som kjem. Slik elevdeltaking kan vera motiverande. Det er og viktig at læraren er villig til å sjå på eigen praksis og er imøtekommande når elevar kjem med konstruktiv kritikk av tilhøve som har med skulen å gjere!



Når elevane blir eldre, kan det vera nyttig å bruka eit eigenvurderingsskjema for fagleg og sosial utvikling. Eit utfylt skjema er eit godt grunnlag for samtalen med læraren. Liknande skjema kan også brukast i utviklingssamtalen.

Elev og foreldre

At eleven og dei føresette er kjende med tema for samtalen, gjer at dei kan førebu seg til møtet på lik linje med læraren. Til hjelp i førebuinga kan læraren senda heim eit skriv med spørsmål om eleven si utvikling i siste periode. Ein kan t.d. spørja om:

- Kva fag synest du sjølv at du meistrar godt?
- Kva arbeidsmåtar likar du å bruka?
- Kven er du saman med på skulen?
- Kva likar du å gjera på i friminutta?

Å førebu utviklingssamtalen sikrar at samtalen blir nytta til det som er viktigast; byggja opp eleven og motivera han/ho til dei utfordringane som ligg føre i skulekvardagen. God førebuing skapar positive forventningar og trygge rammer for alle partar.

Skulen, i samarbeid med heimen, har som mål å utvikla eleven sin kompetanse på eit breitt felt der heile mennesket er i fokus. Skulen skal vera ein stad for både *læring* og *trivsel*. Når det gjeld læring, skal eleven tileigna seg kunnskap i ulike fag. I tillegg til å reprodusera kunnskapen, skal eleven også læra å reflektera over og bruka han i arbeidet på skulen, heime og seinare i arbeidslivet.

Eleven får i dag større grad av ansvar for eiga læring og utvikling. Stadig fleire skular nyttar arbeidsplanar, ein arbeidsmåte som inneber at eleven i større grad må planleggja og gjennomføra arbeidsoppgåver sjølv. Eleven treng då kunnskap om ulike arbeidsmåtar og metodar. Han/ho treng òg å ha god innsikt i si eiga fungering. Kva vil det seia å ta ansvar for eiga læring? Det kan vera eit nyttig spørsmål å diskutera med eleven og dei føresette i ein utviklingssamtale. Korleis synest eleven sjølv han/ho tar ansvar for eiga læring?

ANSVAR FOR EIGA LÆRING

- Set du deg mål for eige arbeid?
- Har du med deg det du treng av utstyr?
- Utfører du arbeidsoppgåver du har ansvar for?

Døme på spørsmål for elevrefleksjon

I tillegg til den faglege utviklinga og læring av arbeidsmetodar, skal eleven også utvikla kunnskap og medvit om korleis dei fungerer saman med andre. Denne sosiale kunnskapen skal dei læra å bruka på beste måte i samvær og samhandling. Graden av trivsel er ofte eit uttrykk for korleis eleven fungerer sosialt. Å spørja eleven om korleis han/ho har det på skulen, er derfor viktig. Kjenner eleven seg trygg i klasse- og skulemiljøet? Kjenner eleven seg verdsett av lærarar og medelevar? Er eleven flink til å verdsetja andre? Slike spørsmål vil kunne gi svar på noko av det.

3.5 Metodar for fagleg og sosial tilpassing

Mykje av det vi tar opp i dette kapittelet er henta frå to bøker: - Men de er jo så forskjellige, tilpasset undervisning i vanlig undervisning av Håvard Håstein og Sidsel Werner og - Rom for handling, skoleutvikling i et helhetsperspektiv av Lars Helle. I tillegg er det egne erfaringar med systematisk arbeid med tilpassa opplæring.

Håstein og Werner skriv at det er tre sentrale kjenneteikn på at det er tilfredsstillande tilpassing i ein klasse:

- 1) *Eleven lærar fag i tråd med dei måla som er fastsett i læreplanen.*
- 2) *Eleven utviklar seg som person*
- 3) *Eleven erfarer sosialt fellesskap med medelevar*

Det er viktig at vi har punkt 2 og 3 med oss når vi no skal sjå på ei meir fagleg tilpassing. Ingen elevlar vil ha ei god fagleg utvikling dersom dei ikkje erfarer eit sosialt fellesskap, og at dei parallelt utviklar seg som menneske. Det tyder at vi må ha eit langsiktig perspektiv med oss når vi jobbar med dei ulike måla undervegs. Det er ikkje nok å få fram eit geni i matematikk dersom han/ho ikkje kan samarbeide og/eller omgås andre!

Vi vil no gå inn på fem ulike område der vi som lærarar kan gi ei fagleg tilpassing:

- 1) Ulike mål
- 2) Innhald
- 3) Rammer
- 4) Arbeidsmåtar
- 5) Vurdering

I alle desse fem områda legg vi fram to ytterpunkt på korleis vi kan jobbe med dette mot elevane. Vi meiner at ei god tilpassa opplæring ikkje er anten eller, men både og. Til slutt vil vi vise heilskapen med nokre didaktiske døme. Mykje av dette er henta frå Lars Helle: - Rom for handling:

Ulike mål:

Lærer er den aktive: ⇒
Læraren set mål for klassen si læring.
Læraren snakkar sjølv, slepp andre lite til.

Eleven er den aktive:
Elevane set mål for eiga læring
og får undre seg og stille spørsmål.

Drøft:

- *Er elevane i stand til å sette egne mål?*
- *Kva blir forskjellen mellom å sette egne mål, og bestemme ein arbeidsmåte for å nå eit mål læraren har sett?*
- *Blir det ikkje både og?*

Statiske mål: ⇒ Dynamiske mål: Tilpassa elevane
Lik for heile klassen, ikkje si meistring.
tilpassa den enkelte .

Drøft:

- *Er ingen kunnskap universell? Er det ikkje noko alle må lære?*



Vekt på faglege mål: ⇒ Vekt på ansvarslæring, sosial læring og problembasert læring.

Drøft:

- *Er det betre å lære å lære, enn å lære ?*
- *Er korleis betre enn kva?*
- *Mister vi all lærdom?*
- *Dullar vi elevane bort utan å stille krav nok til dei?*

Innhald:

Læraren styrer det som skal skje: ⇒
”No tar vi fram norskbøkene på s.....”

Elevane styrer det som skal skje
Når dei vil jobbe med kva,
arbeidsoppgåver og mengde.

Drøft:

- *Er elevane modne nok?*
- *Kva med dei elevane som treng klare strukturar?*
- *Kan skulen bli ein plass der dei aldri treng å bli pressa med noko dei ikkje vil – noko som dei synes er kjedeleg?*
- *Må vi – skal vi – godta at dei gjer arbeidet heime?*

Lærebøkene og ”skal” i læreplanen er styrande ⇒
lite handlingsrom. Elevane skal arbeide like
mykje(lite?) med alt!

Innhaldet er ei ytre ramme
og skal tilpassast konteksten
Stort handlingsrom elevane kan arbeide
med ulike element innanfor same
innhaldsramme.

Drøft:

- *Er det ikkje noko innhald elevane **skal** lære?*
- *Gir L-97 nokre retningslinjer for prioriteringar?*
- *Treng ikkje elevane ei innføring i innhaldet sine grunnleggjande mursteinar?*

Elevane kan i liten grad velje innhaldet: ⇒ Elevane har stor valfridom,
differensiert og ulike grader av vanskegrad:

Drøft:

- *Veit elevane nok til å gjere kvalifiserte val?*
- *Kan vi risikere ”minste motstands veg”?*
- *Korleis unngår vi eit nytt ”kursplanssystem”?*

Rammer:

Faga styrer den tradisjonelle timeplanen: ⇒
Måndag: norsk 1.t, matte 2.t, musikk 3.t...

Arbeidsplanen styrer:
Kortare/lengre økter, studietid....

Drøft:

- *Er elevane modne nok til å styre tida sjølv?*
- *Kva gjer vi med dei som har problem med 45 min.?*

Fast start og slutt på dagen. ⇒

Fleksitid med kjernetid.

Drøft:

- *Fordelar og ulemper med fleksitid?*
- *Mister elevane noko av den sosiale fellesskapsfølinga som ein song, dikt, historie og samtale kan gi?*

Klassen som læringsarena ⇒ Trinnet som læringsarena
to parallellklasser. storklasse med mindre grupper.

Drøft:

- *Kan elevane mista noko av "vi" -følinga som klassen tradisjonelt har gitt?*

Enkeltlærarar er ansvarlege for sine fag ⇒ Team av lærarar er ansvarlege for felles elevar.

Drøft:

- *Mister lærarane noko av sin individualitet i ein tvungen kollegialitet?*
- *Kan elevane miste den voksen-involveringa som klassestyrarfunksjonen har lagt opp til?*

Arbeidsmåtar:

Læraraktive arbeidsmåtar: Det viktigaste er kva læraren gjer og seier

Elevaktive arbeidsmåtar: Det viktigaste er at eleven er aktiv og kva han/ho sit att med.

Drøft:

- Kan det vere slik at lærarrolla og elevrolla er komplementære roller – Det den ein gjer får konsekvensar for den andre? Kan vi då tenkje enten "elevaktiv" eller "lærarakтив"?
- Korleis kan vi klare å gjere rettleiinga læringsretta?

Håstein og Werner skisser i si bok: "Men de er jo så forskjellige" 7 ulike arbeidsmetodar/måtar som ein lærar kan ta utgangspunkt i:

- 1) **Elevane gjer seg nytte av egne erfaringar:** Klassen skal ha nytt tema som elevane kjenne noko om frå før, t.d. Lysøen og Ole Bull. Læraren tar så utgangspunkt i den enkelte elev sine tidlegare erfaringar og kunnskapar om Lysøen og Ole Bull. Metodar og arbeidsmåtar som bygger på elevane sin egne erfaringar når noko nytt skal lærast, vil ofte ha det til felles at det tidleg vil komme fram eit mangfald av førestellingar og kunnskapar hos elevane om det som er temaet for læring. To døme på slike arbeidsmåtar/metodar er "Storyline-pedagogikken" og bruk av læringsstrategiar

Drøft:

- På kva område er det alle elevane har erfaringar som kan brukast?
- Korleis legges til rette for enkeltelevar sin sær-erfaringar?
- Kva skal til for å få elevane til å fortelje om det dei veit, kan – har opplevd?
- Kva andre arbeidsmåtar som elevane kjenner, kan minne om denne måten å arbeide på?

- 2) **Elevane lærer gjennom samarbeid:** Jakobsson (2001) framheve tre samarbeidstypar som er særleg gunstige for det kunnskapsmessige læringsutbyttet:

- Samarbeid som resulterer i bytte av perspektiv, dvs. at eleven diskuterer og må sette seg inn i og bidra til medelevar si forståing
- Samarbeid mellom elevar som kunnskapsmessig skil seg relativt mykje frå kvarandre.
- Samarbeid som utviklar elevane sin haldningar til korleis dei lærer

Ein del problemstillingar som er viktig i alle former for samarbeidslæring:

- Kva typar oppgåver kan løysast på fleire måtar og samtidig egna for innsats frå fleire elevar?
- Korleis kan ein skape felles eigarskap til prosessen – og produktet i gruppa?
- Korleis legge til rette for at elevane vil måtte veksle mellom ulike faglege og sosiale rollar seg i mellom?
- Når er det på eige initiativ at ein samarbeidar på ein god måte?

- 3) **Miljøet som læringsfaktor:** Metode der læraren gir elevane rom for å utnytte det lokale natur- og samfunnsmiljøet. Dette stiller store krav til både lærar og elevar til å kombinere planlegging, struktur og fridom og at dette må utviklast gjennom bevisst jobbing. Ein kjend arbeidsmåte innanfor denne metoden er uteskule. I tillegg kan vi og ta med elevbedrift og ulike prosjekter. Røe Ødegård snakkar om ”Den profesjonelle eleven” der ein legg vekt på:

- Kontroll over eigen arbeidsinnsats
- Evne til å relatere læringa til røyndom
- Evne til å utnytte eigen kreativitet

Ein del problemstillingar:

- Korleis klare å utnytte dei ressursane vi har rundt skulen, både fysiske og menneskelege ressursar og at desse blir ein naturleg del av opplæringa?
- Korleis sikre at erfaringane elevane får i høve til L-97 og den enkelte sine behov?



- 4) **Arbeidsmåtar med generell relevans:** Prosjektarbeid er ein metode som ikkje berre blir brukt i skulen, men som er allmenn kjent i arbeidslivet og i frivillige organisasjonar. Skal prosjektarbeidet ha meining som læringsmåte, og ha overføringsverdi til yrkeslivet, er det verdifullt å konsentrere forståinga av prosjektet om fylgjande:

- Eit krav om ein eller fleire problemstillingar som styrande i prosjektet
- Eit krav om forpliktande samarbeid mellom alle deltakarane
- Vektlegging av prosjektet sine prosess- og produktkvalitetar. Prosesskvalitetar er planlegging, problemløysing, idéutvikling o.a.
- Krav om å bruke fleire typar kjelder og aktivitetsformer
- Elevdeltaking
- Kvar prosjekt må knytast til lik mal/struktur

Andre metodar med generell relevans er tankekart, studieteknikk, bruk av IKT o.a.

- Kva rammer har vi for elevmedverknad ved utforming av problemstilling, arbeidsmåte og tidsplan?
- Korleis sikre at alle deltek?

- Korleis stimulere elevane til undervegs å vurdere sin samarbeidsprosess og resultatmessige framgang?

5) **Elevane lærer av dei som kan meir enn dei sjølv:** Eit metodisk prinsipp er ”stillasprinsippet” bygget på Vygotskys teoriar om læring og utvikling. Ein tenker seg barnet sin læreprosess som eit byggverk. Læraren støtte blir forstått som ein form for stillas rundt byggverket. Når byggverket er ferdig tar ein stillaset vekk, og bygget står ved eiga hjelp. Dette prinsippet inneber ei gradvis overføring av læringa frå lærar til elev. Det er viktig å førebu elevane på det som skal skje, gi tilbakemelding undervegs og strukturere refleksjonen over aktiviteten etterpå.

Drøft:

- Korleis tilrettelegg læraren for dialog som utnyttar eleven sin kompetanse?
- Korleis få dette til med ei gruppe elevar?
- Kva for hjelpe- og støttemåtar nyttar læraren?

6) **Elevar kan organisere seg sjølv:** Arbeidsplan er kanskje den mest vanlege arbeidsmetoden vi kjenner som blir brukt for å få ei god tilpassa opplæring. Veldig ofte er det læraren som lagar desse planane med ein blanding av obligatoriske og frivillige oppgåver. Ofte inneheld vekeplanen oppgåver med ulik vanskegrad. Mange lar elevane etterkvart sjølv få fylle ut delar av vekeplanen, ja, til og med heile vekeprogrammet! Skal ein få dette til må elevane tidlegare lært seg nokre framgangsmåtar som gjer det mogleg å initiere, kontrollere og styre si eiga læring. Desse metodane er individrelatert og tar lite omsyn til samarbeid og fellesskap. Ansvar for eiga læring er viktig for å kunne klare arbeidsplan som metode. Det at elevane er i stand til å gjere val, planlegge, gjennomføre og evaluere arbeidet.

Drøft:

- Korleis tar vi vare variasjonen når det gjeld elevane sine arbeidsmåtar/materiellbruk?
- Kva fagleg rettleiing får elevane undervegs når dei arbeider?
- Korleis kan skulen fylgje med og gi tilbakemeldingar på det elevane gjer?
- Korleis skal vurdering og bruk av kvalitetskriterium skje?
- Korleis tar ein i vare elevane sine moglegheiter for fellesskapsopplevingar?

7) **Elevane si rørsle og kroppsbruk betyr noko for læringa:** Hubert og Stuart Dreyfus har utvikla eit syn på læring basert på sju stadier:

- a) Novisen
- b) Den avanserte begynner
- c) Den kompetente
- d) Den kyndige
- e) Eksperten
- f) Meisteren
- g) Innovatøren

Læring kan ikkje skje utan kroppsleg engasjement, følelsar o.a. Det er gjort mange observasjonar på dette og det er heilt klart at dette er mest til stades i barneskulen, nesten ikkje til stades i ungdomsskulen.

Problemstillingar for oss vil då vere:

- Korleis tar vi vare på elevar sine ulike behov for rørsle i samband med læringsarbeidet?
- Kva fasilitetar og rom for kroppslege aktivitetar fins det i nærleiken av opplæringsarealet?
- Kva moglegheiter har den kroppsleg aktive elev for å få stadfesta at dette er bra?
- Når gir vi elevane oppgåver i teoretiske fag som det og kan vere nyttig å vere kroppsleg aktiv?

Vurdering:

Under dette punktet viser vi til rettleiinga og opplegget som er utarbeidd gjennom SAVUK, eller VUK som det ofte blir kalla.

Didaktisk tilpassing:

Heilt til slutt eit døme på korleis ein kan bruke dette i praksis:

Mål: Eleven kan arbeide med differensierte mål.

- Ole skal få kunnskap om alle fylka våre, landsdelen og nokre hovudtrekk frå desse
- Kari skal få kunnskap om Hordaland og Vestlandet

Innhald: Elevane kan etter interesse nærme seg ulike sider av innhaldet.

- Nokre kan fordjupe seg i eit fylke og bruke mykje av tida på dette
- Nokre kan bruke mykje tid på ein landsdel og fylka der
- Nokre kan jobbe på overflata med alt

Arbeidsmåtar: Elevane kan nærma seg innhaldet på ulike måtar.

- Skriftlege oppgåver
- Rollespel
- Prosjekt
- Radioprogram
- Ulike læringsstrategiar
- Video
- M.m

Rammer: Elevane kan få ulike rammer å forholde seg til.

- Kvantitet
- Vanskegrad
- Tid



Vurdering: Elevane kan ha individuelle kriterium som fungerer saman med dei kollektive.

- Bruk av kjelder
- Språkføring
- Oppgåvestruktur
- Samarbeid
- Kreativitet
- M.m